



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Areal- og forvaltningsutvalet

Møtedato: 19.05.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 14.00 - 15.25

Møtedeltakarar	Parti
Sven Gil Westersjø	AP
Johannes Soppeland	H
Johannes Våge	KrF
Berit Søvik Østerhus	SP
Frode Riskedal	SP
Tårn Sigve Schmidt	SP
Mari Madland	SP
Silje Sværen	SV

Forfall meldt frå følgjande	Parti
Bengt Åke Hauge	H

Følgjande varamedlemmar møtte	Parti
Torunn Munthe	H
Arthur Fjeldheim Egeland	SP

Ugilde:	Sak	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Tårn Sigve Schmidt	037/26	Arthur Fjeldheim Egeland	Kjem ca kl. 14.00

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
032/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
033/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
034/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
035/26	DELEGASJONSSAKER

036/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
037/26	Sluttbehandling - Detaljreguleringsplan Årdal Aqua industriområde - Svadberg - planid 202402
038/26	18/9, Jøsnesvegen 102 - GARASJE/REDSKAPSHUS
039/26	45/2, Vormedalsvegen 1584 - DISPENSASJON - TERRENG / OVERFLATEDYRKNING - ODDA
040/26	Høyring - søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet
041/26	1/13, Randøy Ring 272 - Dispensasjon for plassering av solceller
042/26	113/1, Valheimsvegen 216 - KYLLINGHUS (Ny handsaming)
043/26	3/32 - Tilbygg på bustad - Dispensasjon frå bygjeforbod strandsone og LNF

032/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

AFU - 032/26 **Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent slik dei ligg føre.

033/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

AFU - 033/26 **Vedtak:**

Møteprotokollen vart godkjent slik den ligg føre.

034/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

AFU - 034/26 **Vedtak:**

Sakene ble tatt til orientering.

035/26: DELEGASJONSSAKER

Sakene vert tatt til orientering.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Merknad til sak 099/26 - i vedtaksbrev manglar informasjon om tiltakshavar o.l. Saksbehandlar skal rette på det.

AFU - 035/26 **Vedtak:**
Sakene vart tatt til orientering.

036/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:
Saka vert tatt til orientering

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Kort orientering om regelverk som gjelder ved frådelling av fritidseigedom - dispensasjonsbehandling. Presentasjonen blir tilsendt medlemmer i utvalet.

AFU - 036/26 **Vedtak:**

037/26: Sluttbehandling - Detaljreguleringsplan Årdal Aqua industriområde - Svadberg - planid 202402

Forslag til vedtak

Reguleringsplan **Utviding av Årdal Aqua, planid 2022402** blir godkjent slik framgår av saksframlegg og nye reviderte plandokument levert frå Prosjektil AS , datert 12.05.2026.
Den del av planområdet som er omfatta av "gamle" reguleringsplan **R186 Svadberg industriområde/Årdal Aqua** blir med dette oppheva og erstatta med dette nye planforslaget.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Inhabil	Varamedlem	Merknad
Tårn Sigve Schmidt	Arthur Fjeldheim Egeland	Kjem ca kl. 14.00

Behandling:

Tårn Sigve Schmidt (SP) er inhabil i saka, vara Arthur Fjeldheim Egeland (SP).

Røysting

Forslag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 037/26 **Vedtak:**

Reguleringsplan **Utviding av Årdal Aqua, planid 2022402** blir godkjent slik framgår av saksframlegg og nye reviderte plandokument levert frå Prosjektil AS , datert 12.05.2026.
Den del av planområdet som er omfatta av "gamle" reguleringsplan **R186 Svadberg industriområde/Årdal Aqua** blir med dette oppheva og erstatta med dette nye planforslaget.

038/26: 18/9, Jøsnesvegen 102 - GARASJE/REDSKAPSHUS

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningsutvalet avslår søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 25 for oppføring av garasje. Ut frå ei totalvurdering er ikkje føremonane ved tiltaket større enn ulempene.

21.04.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Utsetjingsforslag, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Saka utsettes til neste møte, då med synfaring.

Endringsforslag frå Arthur Fjeldheim Egeland (SP):

Saka utsettes til neste møte, då med synfaring.

Røysting

Endringsforslag frå Fjeldheim Egeland samrøystes vedteken.

AFU - 030/26 **Vedtak:**

Saka blir utsatt til neste møte, med synfaring på forhånd.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Mari Madland, Senterpartiet

Areal- og forvaltningsutvalet gjev dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 25 for garasje på eigedom 18/7 slik omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Tiltaket gjev søkjar betre forhold for å drive føretaket sitt, og innvendig lagringsplass vil ivareta utstyr og køyretøy og gje eit ryddigare område. Viser til vedteken arealstrategi punkt 5.1 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Føremonane ved tiltaket er større enn ulempene. Tiltaket kan ikkje setjast iverk før det er gjeve byggeløyve. Søknad om byggeløyve vert ikkje handsama før klagefrist er ute - 3 veker frå utsending av vedtak.

Tilleggsforslag, foreslått av Silje Sværen, Sosialistisk Venstreparti

Vedtaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel kap 4 LNF, der det i retningslinene heiter « I bygdene Vormedalen, Jøsenfjorden og Jøsneset er busetjingsomsynet særleg viktig».

Utvalet har vore på synfaring i forkant av møtet.

Tilleggsforslag, Mari Madland (SP):

Areal- og forvaltningsutvalet gjev dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 25 for garasje på eigedom 18/7 slik omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Tiltaket gjev søkjar betre forhold for å drive føretaket sitt, og innvendig lagringsplass vil ivareta utstyr og køyretøy og gje eit ryddigare område. Viser til vedteken arealstrategi punkt 5.1 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Føremonane ved tiltaket er større enn ulempene. Tiltaket kan ikkje setjast iverk før det er gjeve byggeløyve. Søknad om byggeløyve vert ikkje handsama før klagefrist er ute - 3 veker frå utsending av vedtak.

Tilleggsforslag, Silje Svære (SV):

Vedtaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel kap 4 LNF, der det i retningslinene heiter « I bygdene Vormedalen, Jøsenfjorden og Jøsneset er busetjingsomsynet særleg viktig».

Røysting

Forslagfrå Madland (SP) samrøystes vedtatt, kommunedirektøren sitt forslag falt mot 9 stemmer.

Tilleggsforslag frå Sværen vedtatt mot to stemmer (Soppeland, H og Munthe, H).
Forslag frå Madland MED tilleggssforslag frå Sværen samrøystes vedteken.

AFU - 038/26 Vedtak:

Areal- og forvaltningsutvalet gjev dispensasjon frå kommuneplanens arealdel § 25 for garasje på eigedom 18/7 slik omsøkt, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Tiltaket gjev søkjar betre forhold for å drive føretaket sitt, og innvendig lagringsplass vil ivareta utstyr og køyretøy og gje eit ryddigare område. Viser til vedteken arealstrategi punkt 5.1 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Føremonane ved tiltaket er større enn ulempene. Tiltaket kan ikkje setjast iverk før det er gjeve byggeløyve. Søknad om byggeløyve vert ikkje handsama før klagefrist er ute - 3 veker frå utsending av vedtak. Vedtaket er i tråd med kommuneplanen sin arealdel kap 4 LNF, der det i retningslinene heiter « I bygdene Vormedalen, Jøsenfjorden og Jøsneset er busetjingsomsynet særleg viktig».

039/26: 45/2, Vormedalsvegen 1584 - DISPENSASJON - TERRENG / OVERFLATEDYRKNING - ODDA

Forslag til vedtak

Areal- og forvaltningsutvalet avslår søknad om dispensasjon frå LNF føremålet og forbod om terrenginngrep i kommuneplanen § 22 for omsøkt terrengendring på eigedom 45/2.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Utsettning, foreslått av Johannes Soppeland, Høgre

Saka utsettes til neste møte, då med synfaring.

Utvalet ynskjer ei synfaring i forkant av nest møte. Saka blir utsatt.

Røysting

Samrøystes vedteken.

AFU - 039/26 Vedtak:

Utvalet drar på synfaring, saka blir utsatt.

040/26: Høyring - søknad om ny konsesjon for uttak av vatn i Hetlandsvatnet

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forslag samrøystes vedteken.

AFU - 040/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune er positiv til ei justering av reguleringsregime for Hetlandsvatnet som omsøkt frå Fister Smolt. Så langt ein kan sjå vil fordelene vera større enn ulempene.

041/26: 1/13, Randøy Ring 272 - Dispensasjon for plassering av solceller

Forslag til vedtak

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Silje Sværen, Sosialistisk Venstreparti

Det blir gitt dispensasjon til oppføring av solceller som omsøkt, sjå grunngjeving i saksframlegg frå kommunedirektøren

Forslag til vedtak frå Silje Sværen (SV):

Det blir gitt dispensasjon til oppføring av solceller som omsøkt, sjå grunngjeving i saksframlegg frå kommunedirektøren.

Røysting

Forslag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 041/26 Vedtak:

Det blir gitt dispensasjon til oppføring av solceller som omsøkt, sjå grunngjeving i saksframlegg frå kommunedirektøren

042/26: 113/1, Valheimsvegen 216 - KYLLINGHUS (Ny handsaming)

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune godkjenner søknad etter § 20-1 jf. 20-4 i plan- og bygningslova om løyve til oppføring av driftsbygning på eigedom 113/1 som omsøkt. Plassering av titlaket er vurdert og godkjend jf. plan- og bygningslova § 29-4. Tiltaket er i tråd med kommunens ynskje om å utvikla landbruket, og auke matproduksjonen i kommunen. Auka matproduksjon er viktig for beredskap og sjølforsyning.

Matjorda som er på arealet til det planlagte kyllinghuset, skal dyrkast opp igjen på nytt areal innen 2 år etter ferdigstilling av kyllinghuset.

Før ferdigattest kan bli gitt, skal følgjande vere oppfylt:

Innlevert innmålingsrapport for heile tiltaket både på papir (pdf) og i sosi-format etter gjeldande sosi-standard. Nye bygg målast inn med takkant.

Innlevert slutført gjennomføringsplan.

Innlevert sluttrapport med dokumentasjon på levering av avfall.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Utvalet og naboar har vore på synfaring i forkant av møtet.

Røysting

Kommunedirektøren sitt forslag samrøystes vedteken.

AFU - 042/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune godkjenner søknad etter § 20-1 jf. 20-4 i plan- og bygningslova om løyve til oppføring av driftsbygning på eigedom 113/1 som omsøkt. Plassering av tiltaket er vurdert og godkjend jf. plan- og bygningslova § 29-4. Tiltaket er i tråd med kommunens ynskje om å utvikla landbruket, og auke matproduksjonen i kommunen. Auka matproduksjon er viktig for beredskap og sjølforsyning.

Matjorda som er på arealet til det planlagte kyllinghuset, skal dyrkast opp igjen på nytt areal innen 2 år etter ferdigstilling av kyllinghuset.

Før ferdigattest kan bli gitt, skal følgjande vere oppfylt:

Innlevert innmålingsrapport for heile tiltaket både på papir (pdf) og i sosi-format etter gjeldande sosi-standard. Nye bygg målast inn med takkant.

Innlevert slutført gjennomføringsplan.

Innlevert sluttrapport med dokumentasjon på levering av avfall.

043/26: 3/32 - Tilbygg på bustad - Dispensasjon frå bygjeforbod strandsone og LNF

Forslag til vedtak

Det vert gitt dispensasjon for oppføring av tilbygg på 44m2 BYA på 3/32 som omsøkt. Dei rettslege vilkåra for å gi dispensasjon etter Plan- og bygningslova § 19-2 er innfridd. Ein meiner at omsynet bak føresegna det blir dispensert frå blir ikkje sett vesentleg tilside, og ulempene med å tillate omsøte tiltak er ikkje større for området enn fordelene.

19.05.2026 Areal- og forvaltningsutvalet

Behandling:

Røysting

Forslag til vedtak samrøystes vedteken.

AFU - 043/26 Vedtak:

Det vert gitt dispensasjon for oppføring av tilbygg på 44m2 BYA på 3/32 som omsøkt. Dei rettslege vilkåra for å gi dispensasjon etter Plan- og bygningslova § 19-2 er innfridd. Ein meiner at omsynet bak føresegna det blir dispensert frå blir ikkje sett vesentleg tilside, og ulempene med å tillate omsøte tiltak er ikkje større for området enn fordelene.